

Nr. 92

## **BRUK AV TOBAKK**

### **I**

1. Veit folk å fortelje noko om når tobakken kom først i bruk i bygda eller byen?
2. Kva slag folk var det om først brukte tobakk?
3. Korleis fekk folk kjøpt tobakken, hadde omvandrande kramkarar tobakk til salgs, eller kunne ein berre få kjøpt hjå handelsmannen (i byen eller på landet)?

### **II**

4. Kva slag ”utstyr” brukte folk til tobakk, til skrå (posar av kva slag stoff, øskjer t.d.)?
5. Vart kritpiper nytta eller heimegjorte piper?
6. Kva slag materiale var heimegjorte piper laga av?
7. Korleis vart pipene reinska?
8. Var det særskilte tobakksdåsar til pipetobak, eller var det same slaget som vart brukt til å ha snus i?
9. Var det gildt å ha fin dåse, og korleis fekk folk tak i desse, var det også heimegjorte dåsar?
10. Kunne dåsane nyttast til andre ting, t.d. til å ha i handa under slagsmål?
11. Korleis fekk folk kveikt pipa, nytta dei glo, fidibus?
12. Finst det døme på at slik tenning kunne føre til ulykker t.d. brann?

- 13.Kunne det vere årsak til at folk brukte snus og skrå i staden for pipe når dei var i arbeid?
- 14.Spytta folk mykje når dei togg skrå eller røykte, og kva gjorde dei av spyttet?
- 15.Var det sett på som ufint å spytta inne?
- 16.Brukt folk (kven var det) spyttebakke i stuua?

### **III**

- 17.Meinte folk tobakken hadde heldig verknad på sjel og kropp, og korleis trudde dei dette viste seg?
- 18.Var det nokon som inhalerte?
- 19.Trudde dei at tobakk verna mot smitte?
- 20.Kunne tobakk nyttast som medisin og mot kva slag sjukdommar (t.d. tannverk, hardt liv, därleg syn osb.)?
- 21.I tilfelle korleis vart da tobakken brukt,
  - a) skrå, røyk eller pipeolje, ikkje blanda med andre ting?
  - b) tobakk kokt med andre (kva slag) ingrediensa?

Gjer nøye greie for dei truer som finst om dette.

- 22.Togg folk tobakk mot tørst?

### **IV**

#### **Situasjonen omkring 1900 og seinare**

- 23.Var det vanleg at folk brukte skrå?
- 24.Var det sosial skilnad mellom dei som brukte og dei som ikkje brukte skrå (t.d. at presten, sorenskrivaren og andre kondisjonerte ikkje brukte skrå)?
- 25.Brukte same mann skiftevis pipe og skrå?
- 26.Var det nokon som røykte sigarer og kva slag folk var det?
- 27.Røykte folk sigarettar i bygda?

28. Kva slag folk røykte sigarettar og korleis har skikken breit seg?

29. Var det først ferdige sigarettar eller blei dei rulla?

30. Brukte folk snus (meir eller mindre enn skrå)?

31. Veit ein om at snus er brukt langt tilbake i tida og dersom det er ein seinare skikk, kva slag folk var det som byrja?

32. Vart snusen tatt i munnen eller i nasa?

### 33. Har kvinner brukta snus?

34. Røykte kvinner (eldre eller unge, nokre eller mange) pipe?

35. Er det fråsegn om at dette var meir vanleg i eldre tid?

### 36. Når begyndte kvinner å røyke sigarettar?

37. Vart det sett på som usømeleg at ukonfirmerte brukte tobakk (korleis tok den einskilde til å bruke tobakk, i løynd eller åpent)?

38. Var ungdommen svært til å røykje?

39. Korleis greidde ungdom og fattigfolk å få seg pengar til tobakk?

40. Var det nokon som tala mot tobakksrøykjing?

41. Er det nokon som har sluttar røykje i seinare tid på grunn av dei høge prisane eller kjennskap til kreftfarene?

V

# Bygdemålsord i samband med røykjing

#### 42. Kjenner folk utrykket "drikka tobakk"?

43. Fins det særskiltde ord  
a) for snus og å snuse,  
b) for skrå og togge skrå?

44. Hadde folk namn på inhalere og ikke inhalere?

45. Hadde dei kjælenamn på pipa?

## VI

### Tobakk dyrka i Norge

- 46.I Sogn vart det dyrka tobakk før siste hundreårskiftet. Veit folk noko å fortelje om denne dyrkinga, og finst det tradisjon om tobakksdyrking frå andre bygder?
- 47.Korleis var det med tobakksdyrking under siste verdskrigen, vart det berre dyrka ”til hus bruk” eller også til sal?
- 48.Korleis stellte folk tobakken?
- 49.Var det handel med heimeavla tobakk (blad eller ferdigstelt), og korleis var prisane?
- 50.Var det vanleg i siste krigsåra å sende tibakksblada til fabrikk?
- 51.Kva slag surrogat brukte folk for tobakk, var det tradisjon frå første verdskrigen, eller var bruk av surrogat eldre, (kva slag), eller blei det funne ut nye bruukelege emne (kva slag)?